



Julehelsing frå Stord Næringsråd

Jubileumsåret 2011 er snart ved veis ende. Stord Næringsråd har feira 100 års jubileum, og gjennom heile året har verksemder av ulik storleik og frå ulike bransjar fått presentert seg under jubileumslogoen i lokalavisa vår. Me er stolte over å ha så mange framgangsrike og innovative verksemder på Stord. Jubileumsfesten og jubileumsforedrag med Harald Rønneberg, blei godt mottatt.

Takk til alle som bidrog til ei flott jubileumsmarkering av Stord Næringsråd.

Tross permitteringar hos Kværner Stord har det vore god aktivitet og sysselsetting. Me veit at permitteringane er midlertidig, og at på nyåret vil aktiviteten auka igjen med oppbemanning i Eldfisk-prosjektet. Når me i tillegg veit at Nordsjøen nærmast framstår som ”Sereptas krukke” etter dei nye gigantiske Aldous/Avaldsnes-funna, er det all grunn til optimisme for vår lokale leverandørindustri i mange år.

På Stordkonferansen 9. juni var ”Grenseprengande kompetanse” tema, og me sette fokus på kor viktig kompetansen er for utviklinga av verksemdene i regionen vår. Det er derfor svært gledelig at det i løpet av kort tid er kompt på plass et utdanningsløp som skal gjera fagarbeidarar til ingeniørar hos industriverksemdene. Mange har jobba godt saman for å få dette på plass.

Me gler oss også stort over at C-ferjeproblematikken no vert løyst, og me igjen kan planleggja ut frå ein regularitet Sandvikvåg - Halhjem kvar 30. minutt. I 2012 treng me aldri meir ta C-ferja☺

Elles har det vore jobba godt for å få fram uttaler til KVU ferjefri kyststamveg E-39 Akrdal – Bergen. Stord Næringsråd har vore opptatt av å fokusere på det alle er einige om; nemleg at ferjefri kyststamveg må komma raskt og vera ferjefri frådag ein. I tillegg må den med i NTP i 2014-2023.

2012 vert eit spanande år. I Norge sit me tilsynelatande på den grønne grein. Me må ikkje gløyma at denne greina er festa til et tre med røter langt inne i eit kriseramma Europa. Dei økonomiske utfordringane i Europa og elles i verda kan veldig fort få store konsekvensar for våre eksportmarknader, oljepris og vidare investeringar på norsk sokkel. Det er derfor viktig at me steller oss slik at me har et konkurransedyktig næringsliv, lokalt og nasjonalt. Her nyttar det ikkje å kvila på laurbæra, eller ”gå mett på jobb”. Stord Næringsråd skal jobba for at rammevilkåra for verksemdene til ei kvar tid er dei beste. I tillegg må verksemdene gjera sitt for å omstilla seg til nye tider.

Stord Næringsråd har no starta arbeidet med nye nettsider, og her vil våre hovudsamarbeidspartnarar og samarbeidspartnarar få sin rette plass. Planen er at dei skal vera på plass i god tid før generalforsamlinga i mars. Dersom du som medlem ønskjer profilering på heimesida vår, kan du ta kontakt.

Me ser fram til det nye året, og me møtest på første frukostmøte i midten av februar. Her skal me saman sjå i glaskula når hovudsamarbeidspartnar Sparebanken Vest, og NAV vil presentera Næringsbarometeret og sysselsettingssituasjonen. Eigen invitasjon kjem på nyåret.

Takk til alle for eit godt samarbeid i jubileumsåret, og ei riktig god og fredeleg julehelg!

Helsing
Anne-Grete Sandtorv
Dagleg leiar
Stord Næringsråd

Telefon 53 41 69 96
Mob. 901 45 458
www.stordnaeringsraad.no



STORD NÆRINGSRÅD

